
Saksnr: 2020/74867-2
Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.11.2020

Regulering av årsløn for fylkesrådmannen

I arbeidsavtalen for fylkesrådmann Rune Haugsdal er det avtala at årsløna vert regulert årleg «parallelt med oppgjeret i kommunal sektor.» Fylkesrådmannen har og vilkår om «fri mobiltelefon og breibandstilknytning».

Lønsoppgjeret 2020 i kommunal sektor vart avslutta med same resultat som for «frontfaget». Justert for Vestland fylkeskommune gjev resultatet ein ramme på 0,6% i lønsgruppa som omfattar leiarar med verknad frå 1. mai 2020. Forhandlingsutvalet gjer framlegg om at årsløna vert regulert på tilsvarande måte for fylkesrådmannen, altså med 0,6 %.

Særordninga med «fri breibandstilknytning» kr 500,- pr måned er avvikla som ordning for tilsette som hadde slik ordning med verknad frå 1. januar 2020. Dei som hadde slik rett fekk årsbeløpet lagt inn i årsløna med verknad frå same dato. Fylkesrådmannen ønskjer å avvikle særvilåret om «fri breibandstilknytning» på lik linje med andre tilsette. Forhandlingsutvalet gjer framlegg om at ordninga vert avvikla samstundes som årsbeløpet for denne ordninga går inn som fast del av årsløna

Forslag til vedtak:

1. Fylkesrådmann Rune Haugsdal vert gjeve eit lønstillegg på kr 11.000,- med verknad frå 1. mai 2020.
2. Vilåret i arbeidsavtalen til fylkesrådmannen om «fri breibandstilknytning» vert avvikla ved at årssummen på kr 6.000,- vert innarbeidd i årsløna frå 1. mai 2020.

Forhandlingsutvalet ved

Jon Askeland

Natalia Golis

Silja Ekeland Bjørkly

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift